



## Møteprotokoll

---

**Utval:** viltutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Ulstein rådhus  
**Dato:** 27.05.2026  
**Tid:** kl. 17.00 - 19.00

---

### Desse møtte

Cecilie Bjørnerem-Brandal  
Eldrid Anne Vik  
Hans-Ole Låbakk  
Ronny Abrahamsen

### Representerer

### Funksjon

medlem  
medlem  
leiar  
medlem

### Forfall

Sivert Helland

### Representerer

**Varamedlem**  
Lidar Wingsternes

### Representerer

Ap

### Ugild

Eldrid Anne Vik  
Ronny Abrahamsen  
Cecilie Bjørnerem-Brandal  
Lidar Wingsternes

### Sak

18/26  
18/26  
25/26  
25/26

### Varamedlem som møtte

ingen vara  
Petter Olav Dimmen,  
Petter Olav Dimmen  
ingen vara

### Merknad/heimel

jf. fvl. § 6 første ledd  
jf. fvl. § 6 første ledd  
jf. fvl. § 6 første ledd  
jf. fvl. § 6 første ledd

### Andre møtte

Bjørnar Eikenes

adm.

sakshandsamar landbruk/utvalssekretær

## Sakliste

| Sak nr.  | Sakstittel                                                    | Arkivsaksnr. |
|----------|---------------------------------------------------------------|--------------|
| PS 12/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste                         | 26/1407      |
| PS 13/26 | Godkjenning av protokoll                                      | 26/1407      |
| PS 14/26 | Orienteringar                                                 | 26/1407      |
| PS 15/26 | Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein                  | 22/2545      |
| PS 16/26 | Endring i Ulstein/Skeide hjortevald                           | 25/694       |
| PS 17/26 | Oppretting av Skeide hjortevald                               | 25/694       |
| PS 18/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Vik/Hofset hjortevald       | 25/694       |
| PS 19/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Skeide hjortevald           | 25/694       |
| PS 20/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Osnes hjortevald            | 25/694       |
| PS 21/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Ulstein hjortevald          | 25/694       |
| PS 22/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Dimnøya hjortevald          | 25/694       |
| PS 23/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Garnes hjortevald           | 25/694       |
| PS 24/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Garshol/Botnen hjortevald   | 25/694       |
| PS 25/26 | Tildeling av fellingsløyve 2026 - Hasund/Strandabø hjortevald | 25/694       |

Ulsteinvik, 28.05.2026

Hans-Ole Låbakk  
utvalsleiar

## **PS 12/26 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Vedtak:**

Innkallinga og saklista vert godkjende utan merknad.

### **Behandling:**

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

## **PS 13/26 Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak:**

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

### **Behandling:**

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

## **PS 14/26 Orienteringar**

### **Vedtak:**

[Ingen orienteringar].

### **Behandling:**

[Ingen orienteringar].

# PS 15/26 Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein

## Vedtak:

### Innspel frå viltutvalet i Ulstein til Plan for naturmangfaldet i Ulstein kommune

Viltutvalet i Ulstein har gått gjennom planutkastet og kunnskapsgrunnlaget for temaplan for naturmangfald. Vi støttar arbeidet og ser planen som eit viktig verktøy for å styrkje naturforvaltninga i Ulstein. Samstundes meiner vi at viltperspektivet er for svakt representert i dokumentet, og at fleire sentrale artar og funksjonsområde må innarbeidast for å sikre ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning.

Vi ber om at følgjande punkt blir innarbeidde i det vidare planarbeidet:

#### 1. Manglande omtale av viktige viltartar

Planen omtalar i liten grad viltartar som er viktige for Ulstein sin natur, friluftsliv og arealforvaltning. Dette gjeld særleg:

- **Hjort**
- **Oter**
- **Orrfugl**
- **Lirype**
- **Hare**

Desse artane er sentrale både økologisk og for lokal bruk av utmark. Vi ber om at planen får eit eige avsnitt om viltartar og økologiske funksjonsområde.

#### 2. Funksjonsområde for vilt må inn i temakartet

For å sikre gode og etterprøvbare vurderingar i plan- og byggjesaker må temakartet inkludere:

- **Hjort:** trekkruter, vinterbeite, kalvingsområde og trafikkfarepunkt
- **Oter:** kantsoner, hiområde og viktige bekkar og småvassdrag
- **Orrfugl:** spelplassar og viktige lynghei- og myrområde
- **Rype:** fjellområde med hekkeaktivitet og sårbare ferdselsområde
- **Hare:** leveområde i skog, kulturlandskap og overgangssoner

Dette er vanleg praksis i mange kommunar og bør også vere det i Ulstein.

#### 3. Restaureringstiltak må vurderast opp mot viltinteresser

Planen legg opp til restaurering av myr, vassdrag og kystlynghei. Dette er positivt, men må vurderast opp mot viltartar som nyttar desse områda:

- Myr og lynghei er viktige for **orrfugl, rype og hare**
- Myr og kantsoner er viktige for **hjort og oter**

Vi ber om at alle restaureringstiltak blir vurderte for konsekvensar for vilt, og at dialog med grunneigarar blir ein naturleg del av prosessen.

#### 4. Ferdselsstyring må ta omsyn til vilt

Auka tilrettelegging for friluftsliv kan påverke vilt negativt. Vi ber om at:

- Eventuelle nye stiar ikkje blir lagde gjennom spelplassar eller rypeområde
- Ferdsel i viktige vinterbeite blir vurdert
- Informasjon og skilting blir brukt for å styre ferdsel bort frå sårbare område
- Leveområde for hare blir vurderte ved nye tiltak i skog og kulturlandskap

#### 5. Kopling til hjorteviltplanen

Hjorteviltplanen er eit sentralt styringsdokument hjortevilt forvaltninga og må sjåast på om denne skal integrerast i naturmangfaldplanen. Vi ber om at:

- mål og tiltak i hjorteviltplanen blir aktivt brukte i arealplanlegging
- trekkruter og vinterbeite blir synliggjorde i temakartet
- viltforvaltning blir sett i samanheng med naturmangfald, friluftsliv og trafikktryggleik

## Oppsummering

Viltutvalet støttar planarbeidet, men meiner at **viltartar og funksjonsområde – inkludert hjort, oter, orrfugl, lirype og hare – må få ein langt tydelegare plass i planen**. Dette er avgjerande for ei heilskapleg, kunnskapsbasert og berekraftig naturforvaltning i Ulstein kommune.

Viltutvalet stiller gjerne opp i vidare dialog og bidreg med lokal kunnskap i det vidare arbeidet.

## Behandling:

**Framlegg, foreslått av Hans-Ole Låbakk,**

**Innspel frå viltutvalet i Ulstein til Plan for naturmangfaldet i Ulstein kommune**

Viltutvalet i Ulstein har gått gjennom planutkastet og kunnskapsgrunnlaget for temaplan for naturmangfald. Vi støttar arbeidet og ser planen som eit viktig verktøy for å styrkje naturforvaltninga i Ulstein. Samstundes meiner vi at viltperspektivet er for svakt representert i dokumentet, og at fleire sentrale artar og funksjonsområde må innarbeidast for å sikre ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning.

Vi ber om at følgjande punkt blir innarbeidde i det vidare planarbeidet:

### 1. Manglande omtale av viktige viltartar

Planen omtalar i liten grad viltartar som er viktige for Ulstein sin natur, friluftsliv og arealforvaltning. Dette gjeld særleg:

- **Hjort**
- **Oter**
- **Orrfugl**
- **Lirype**
- **Hare**

Desse artane er sentrale både økologisk og for lokal bruk av utmark. Vi ber om at planen får eit eige avsnitt om viltartar og økologiske funksjonsområde.

### 2. Funksjonsområde for vilt må inn i temakartet

For å sikre gode og etterprøvbare vurderingar i plan- og byggjesaker må temakartet inkludere:

- **Hjort:** trekkruter, vinterbeite, kalvingsområde og trafikkfarepunkt
- **Oter:** kantsoner, hiområde og viktige bekkar og småvassdrag
- **Orrfugl:** spelplassar og viktige lynghei- og myrområde
- **Rype:** fjellområde med hekkeaktivitet og sårbare ferdselsområde
- **Hare:** leveområde i skog, kulturlandskap og overgangssoner

Dette er vanleg praksis i mange kommunar og bør også vere det i Ulstein.

### 3. Restaureringstiltak må vurderast opp mot viltinteresser

Planen legg opp til restaurering av myr, vassdrag og kystlynghei. Dette er positivt, men må vurderast opp mot viltartar som nyttar desse områda:

- Myr og lynghei er viktige for **orrfugl, rype og hare**
- Myr og kantsoner er viktige for **hjort og oter**

Vi ber om at alle restaureringstiltak blir vurderte for konsekvensar for vilt, og at dialog med grunneigarar blir ein naturleg del av prosessen.

### 4. Ferdelsstyring må ta omsyn til vilt

Auka tilrettelegging for friluftsliv kan påverke vilt negativt. Vi ber om at:

- Eventuelle nye stiar ikkje blir lagde gjennom spelplassar eller rypeområde
- Ferdsel i viktige vinterbeite blir vurdert
- Informasjon og skilting blir brukt for å styre ferdsel bort frå sårbare område
- Leveområde for hare blir vurderte ved nye tiltak i skog og kulturlandskap

### 5. Kopling til hjorteviltplanen

Hjorteviltplanen er eit sentralt styringsdokument hjortevilt forvaltninga og må sjåast på om denne skal integrerast i naturmangfaldplanen. Vi ber om at:

- mål og tiltak i hjorteviltplanen blir aktivt brukte i arealplanlegging
- trekkruter og vinterbeite blir synliggjorde i temakartet
- viltforvaltning blir sett i samanheng med naturmangfald, friluftsliv og trafikktryggleik

#### **Oppsummering**

Viltutvalet støttar planarbeidet, men meiner at **viltartar og funksjonsområde – inkludert hjort, oter, orrfugl, lirype og hare – må få ein langt tydelegare plass i planen**. Dette er avgjerande for ei heilskapleg, kunnskapsbasert og berekraftig naturforvaltning i Ulstein kommune.

Viltutvalet stiller gjerne opp i vidare dialog og bidreg med lokal kunnskap i det vidare arbeidet.

Framlegget frå Hans-Ole Låbakk vart samrøystes vedteke.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Uttale til planframlegget vert lagt fram utan tilråding.

## **PS 16/26 Endring i Ulstein/Skeide hjortevald**

#### **Vedtak:**

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 11 godkjenner viltutvalet i Ulstein endring i Ulstein/Skeide hjortevald. Valdet får eit nytt teljande areal på 8439 dekar, og nytt namn vert Ulstein hjortevald.

Grunngjeving: Eigedomane som gjenstår i i valdet er samanhengane og utgjer eit jaktbart areal. Valdet fyller krav om storleik.

#### **Behandling:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 11 godkjenner viltutvalet i Ulstein endring i Ulstein/Skeide hjortevald. Valdet får eit nytt teljande areal på 8439 dekar, og nytt namn vert Ulstein hjortevald.

Grunngjeving: Eigedomane som gjenstår i i valdet er samanhengane og utgjer eit jaktbart areal. Valdet fyller krav om storleik.

## PS 17/26 Oppretting av Skeide hjortevald

### Vedtak:

Med heimel i § 11 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Viltutvalet i Ulstein søknaden om oppretting av Skeide hjortevald, med eit teljande areal på 3480 dekar.

Grunngjeving:

Omsøkt vald er samanhengande, jaktbart, og i tråd med krav om størrelse.

### Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Med heimel i § 11 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Viltutvalet i Ulstein søknaden om oppretting av Skeide hjortevald, med eit teljande areal på 3480 dekar.

Grunngjeving:

Omsøkt vald er samanhengande, jaktbart, og i tråd med krav om størrelse.

## PS 18/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Vik/Hofset hjortevald

### Vedtak:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Vik/Hofset hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 250 dekar grunna høg fellingsprosent i valdet siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Vik/Hofset hjortevald for hjortejakta 2026:

- 4 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 2 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

### Ugilde

Eldrid Anne Vik  
Ronny Abrahamsen

### Følgande vara møtte

ingen vara  
Petter Olav Dimmen

### Merknadar

jf. fvl. § 6 første ledd  
jf. fvl. § 6 første ledd

### Behandling:

#### Gildskapsvurdering - Ronny Abrahamsen

Ronny Abrahamsen stilte spørsmål om han var ugild i saka, då han er valdansvarleg og jaktleiar for valdet.

Han gjekk i frå. Petter Olav Dimmen var kalla inn som vara og han tok sete.

Viltutvalet vedtok samrøystes at Abrahamsen vart funnen ugild, jf. fvl. § 6 første ledd pkt. a), jf. fvl. § 6 andre ledd.

### **Gildskapsvurdering - Eldrid Anne Vik**

Eldrid Anne Vik stilte spørsmål om ho var ugild i saka, då ho er grunneigar i valdet.

Ho gjekk i frå.

Viltutvalet vedtok samrøystes at Vik vart funnen ugild, jf. fvl. § 6 første ledd pkt. a), jf. fvl. § 6 andre ledd.

### **Røysting:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken med 6 røyster.

Petter Olav Dimmen gjekk frå. Ronny Abrahamsen og Eldrid Anne Vik tok sete igjen.

### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Vik/Hofset hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 250 dekar grunna høg fellingsprosent i valdet siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Vik/Hofset hjortevald for hjortejakta 2026:

- 4 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 2 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

## **PS 19/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Skeide hjortevald**

### **Vedtak:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Skeide hjortevald med 50 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna få fellingar siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Skeide hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalvar
- 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

### **Behandling:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Skeide hjortevald med 50 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna få fellingar siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Skeide hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalvar
- 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

## PS 20/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Osnes hjortevald

### Vedtak:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Osnes hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg fellingsprosent siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Osnes hjortevald for hjortejakta 2026:

- 1 kalvar
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

### Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Osnes hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg fellingsprosent siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Osnes hjortevald for hjortejakta 2026:

- 1 kalvar
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

## PS 21/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Ulstein hjortevald

### Vedtak:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Ulstein hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg fellingsprosent siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Ulstein hjortevald for hjortejakta 2026:

- 5 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 3 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

### Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Ulstein hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg fellingsprosent siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Ulstein hjortevald for hjortejakta 2026:

- 5 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 3 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

## PS 22/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Dimnøya hjortevald

### **Vedtak:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Dimnøya hjortevald med 25 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 377 dekar grunna høg felling siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Dimnøya hjortevald for hjortejakta 2026:

- 9 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 8 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

### **Behandling:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Dimnøya hjortevald med 25 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 377 dekar grunna høg felling siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Dimnøya hjortevald for hjortejakta 2026:

- 9 kalvar
- 2 spissbukk (bukk med ugreina gevir
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 8 vaksne hodyr (1,5 år og eldre)

## PS 23/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Garnes hjortevald

### **Vedtak:**

Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Garnes hjortevald for hjortejakta 2026:

- 3 kalvar
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

### **Behandling:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Garnes hjortevald for hjortejakta 2026:

- 3 kalvar
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

## PS 24/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Garshol/Botnen hjortevald

### Vedtak:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Garshol/Botnen hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg ellingsprosent i valdet siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Garshol/Botnetn hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalv
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)

### Behandling:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### Kommunalsjef teknisk si tilråding:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Garshol/Botnen hjortevald med 50 % for hjortejakta 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna låg ellingsprosent i valdet siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Garshol/Botnetn hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalv
- 1 vakse hanndyr (1,5 år og eldre)

## PS 25/26 Tildeling av fellingsløyve 2026 - Hasund/Strandabø hjortevald

### Vedtak:

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Hasund/Strandabø hjortevald med 35 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna få sette dyr siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Hasund/Strandabø hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalvar
- 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

### Ugilde

Cecilie Bjørnerem-Brandal  
Lidar Wingsternes

### Følgande vara møtte

Petter Olav Dimmen  
ingen vara

### Merknader

jf. fvl. § 6 første ledd  
jf. fvl. § 6 første ledd

## **Behandling:**

### **Endringsframlegg, foreslått av Hans-Ole Låbakk,**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Hasund/Strandabø hjortevald med 35 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna få sette dyr siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Hasund/Strandabø hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalvar
- 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)

### **Gildskapsvurdering - Cecilie Bjørnerem-Brandal**

Cecilie Bjørnerem-Brandal stilte spørsmål om ho var ugild i saka, då ho er grunneigar i valdet.

Ho gjekk i frå. Petter Olav Dimmen var kalla inn som vara og han tok sete.

Viltutvalet vedtok samrøystes at Bjørnerem-Brandal vart funnen ugild, jf. fvl. § 6 første ledd pkt. a), jf. fvl. § 6 andre ledd.

### **Gildskapsvurdering - Lidar Wingsternes**

Lidar Wingsternes stilte spørsmål om han var ugild i saka, då han er jeger i valdet.

Han gjekk i frå. Ingen vara var kalla inn.

Viltutvalet vedtok samrøystes at Wingsternes vart funnen ugild, jf. fvl. § 6 første ledd pkt. a), jf. fvl. § 6 andre ledd.

## **Røysting:**

Endringsframlegget frå Hans-Ole Låbakk vart samrøystes vedteke med 6 røyster.

### **Kommunalsjef teknisk si tilråding:**

Viltutvalet i Ulstein nyttar § 7 i hjorteviltforskrifta og avviker frå minstearealet for Hasund/Strandabø hjortevald med 50 % for jaktåret 2026/27. Minstearealet vert sett til 750 dekar grunna få sette dyr siste åra. Viltutvalet i Ulstein tildeler følgande fellingsløyve til Hasund/Strandabø hjortevald for hjortejakta 2026:

- 2 kalvar
- 1 vakse hanndyr ( 1,5 år og eldre)
- 1 vakse hodyr (1,5 år og eldre)